# Munnstellprosedyre for barn og unge – kortversjon

| | Munnpleiemidlar/utstyr | Tiltak |
|---|---|---|
| **Hygiene** | • Hanskar (ikkje sterile)<br>• Munnbind | • Handhygiene utførast før og etter munnstell<br>• Munnstell er ein rein prosedyre og det er ikkje behov for sterile hanskar<br>• Munnbind bør brukast<br>• Individuelle omsyn tas |
| **Kartlegging** | • Handklede<br>• Munnbind<br>• Hanskar<br>• Plastkopp evt. eit pussbekken<br>• Leppomade<br>• Mjuk barnetannbørste<br>• Born/vaksen fluortannkrem<br>• Mukositt – vurdering tiltak/munnstell | • Finn fram alt utstyr på førehand når ein skal utføre tannpuss<br>• God sittestilling er viktig for gjennomføring av munnstell<br>• Undersøkje lepper, tunge, tenner, tannkjøtt og slimhinner<br>• Systematisk kartlegging av munnhole<br>• Dokumentasjon av funn og tiltak i journal |
| **Smørjing av lepper** | • Leppomade, til dømes Proxident leppebalsam eller anna eigna leppesalve | • Ved tørre, såre lepper start og avslutt alltid eit munnstell med å smørje lepper |
| **Reingjering** | • Mjuk tannbørste eller elektrisk tannbørste<br>• Tannkrem utan såpestoffer med mild smak, til dømes Zendium<br>• Hydrogenperoksid 3% fortynnast til 0,1% ved å blande 1 ts (5ml) i ¾-1 glas vatn<br>• For ytterlege munnpleiemidlar, sjå vedlegg «Munnpleiemidlar» | • Munnstell bør utførast 2xdagleg, oftare ved behov.<br>• Alle med tenner bør børste med fluortannkrem morgon og kveld. Andre fluorpreparat bør brukast i tillegg når tenner treng ekstra vern, til dømes i sjukdomsperiodar<br>• Etter tannpus og ved behov reingjerast tunge, gane og slimhinne med tupfer i tang eller munnsvaber |
| **Smørjing av slimhinner** | • Flux dry mouth munnskyl med fluor (0,2 % NaF/2mg/ml) for born over 12 år<br>• Proxident munnfuktgel<br>• Proxident munnspray<br>• For ytterlege munnpleiemidlar, sjå vedlegg «Munnpleiemidlar» | • Pensle slimhinner, tannkjøtt, gane og tunge |

| | | |
|---|---|---|
| **Hygiene** | • Reint vatn<br>• Instrumentvaskemaskin | • Tannkost skyljast godt under rennande vatn og blir plassert med børstehovudet opp i eit tann-glas så den får lufttørke<br>• Eingongsutstyr blir kasta augeblikkeleg etter bruk<br>• Fleirgongsutstyr (tang) reingjerast i springvatn og oppbevarast tørt mellom kvart munnstell og desinfiserast i instrumentvaskemaskin kvar veke<br>• Fleirgongsutstyr (tang) desinfiserast i instrumentvaskemaskin mellom kvar pasient |
| **Dokumentasjon** | • DIPS/elektronisk pasientjournal, journal eller kurve | • Relevant opplysningar som angår pasienten sin munnhelse dokumenterast i journal for å gje forsvarleg helsehjelp |